

ÅL KOMMUNE



Årsplan for Skattebøl barnehage 2025–2026



Innhald

1.0 INNLEIING	2
2.0 VERDIGRUNNLAG	3
2.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	3
2.2 Skattebøl barnehage	4
3.0 FORMÅL OG INNHALD	7
3.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	7
3.2 Skattebøl barnehage	8
4.0 ARBEIDSMÅTAR OG PROGRESJON	9
4.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	9
4.2 Skattebøl barnehage	9
5.0 BARNES MEDVERKNAD	10
5.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	10
5.2 Skattebøl barnehage	10
6.0 UTVIKLINGSOMRÅDE.....	12
6.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	12
6.2 Skattebøl barnehage	12
7.0 SAMARBEID	13
7.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	14
8.0 OVERGANG	16
8.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	16
8.2 Skattebøl barnehage	16
9.0 PSYKOSOSIALT BARNEHAGEMILJØ.....	17
9.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	17
9.2 Skattebøl barnehage	17
10.0 VURDERING	18
10.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	18
10.2 Skattebøl barnehage	20
.....	20
11.0 TRAFIKKTRYGGLEIK.....	21
11.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	21
11.2 Skattebøl barnehage	21
12.0 BEREKRAFT	22
12.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune	22
12.2 Skattebøl barnehage	22

1.0 INNLEIING

Ål kommune ynskjer at barn og føresette i dei kommunale barnehagane skal oppleve å møte ein felles kvalitet på det pedagogiske arbeidet i barnehagane. Det er utarbeidd felles årsplan med ein generell del og ei konkretisering av den enkelte barnehagen sitt pedagogiske arbeid.

Ny rammeplan for innhaldet og oppgåvene til barnehagen vart sette i verk frå 1.august 2017 og er ei forskrift til barnehagelova. Årsplan skal synleggjere korleis barnehagen omset føringane frå rammeplanen og oppvekstsektoren sitt styringsdokument til pedagogisk praksis. Figuren til høgre viser samanhengen.

Årsplan skal ha fleire funksjonar:

- arbeidsreiskap for personalet for å styre barnehagen i ei medviten pedagogisk retning
- eit utgangspunkt for at føresette skal ha høve til å påverke innhaldet i barnehagen
- grunnlag for tilsyn i kommunen med barnehagen
- informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til eigar, politikarane, kommunen, samarbeidspartane til barnehagen og andre interesserte

Lov om
barnehag
e

Rammepl
an for
barnehag
ens
innhald
og
oppgåver

Oppvekst
2030

Årsplan

Lokale
planar

2.0 VERDIGRUNNLAG

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. (...) Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrse og anerkjenning og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse. (Rammeplan 2017, s. 7).

2.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

I oppvekstsektoren i Ål er Oppvekst 2030 styringsdokument med visjonen er: *Open – Grundig – Modig.*

Hovudmålsettinga er:

- *Å skape eit inkluderande oppvekstmiljø der alle ser og blir sett, slik at kvar enkelt får kraft til å meistre eigne liv.*
- *Stimulere ressursane og styrkene hos barn, unge og vaksne, med fokus på meistring, motivasjon, nysgjerrigheit, fellesskap, glede og læring.*

Oppvekstsektoren skal støtte opp om Ål kommune sitt overordna mål om å vera ein god stad å bu og leva, med eit berekraftig lokalsamfunn. Sektoren bidreg til å oppfylle kommuneplanen 2015-2027 (Ål kommune, 2014) ved å sikre eit trygt og inkluderande oppvekstmiljø.

I barnehage og skule skal alle barn og elevar oppleve verdiar slik at kvar einskild blir i betre stand til å meistre eigne liv, der ein har positiv interesse for andre sitt liv, naturen som ein ressurs vi skal ta vare på, lokalsamfunnet som eit naturleg fundament for samanhengskraft i bygda. Vi skal i Ål kommune bygge opp menneske som blir rotfaste og flygedyktige. Med dette som bakteppe arbeider sektoren mot hovudmålsetjinga; i eit inkluderande oppvekstmiljø der alle ser og blir sett, får kvar einskild kraft til å meistre eigne liv. Vi skal legge vekt på å stimulere og synleggjere ressursane og styrkane til alle barn, unge og vaksne i sektoren. Vi må i fellesskap støtte opp om barn og unge sin kompetanse og styrker. Det er våre kompetansar og styrker som motiverer oss, det er styrkane våre som gjer at vi blir i stand til å hjelpe dei som treng hjelp. Forståing for det enkelte barn og den enkelte ungdommen må vera berande i oppvekstsektoren. Vi må forplikte oss på å arbeide for å fremje og støtte meistring, motivasjon, nysgjerrigheit, fellesskap, glede og interesse for positive sosiale fellesskap og læring hos alle barn og ungdom i Ål kommune.

2.2 Skattebøl barnehage

DET SÆREIGNE VED SKATTEBØL BARNEHAGE / KVA LEGG ME VEKT PÅ?

Me kan tilby ein barnehage med stort og triveleg areal, både ute og inne. Samtidig bærer barnehagen preg av å vere oversiktleg og “passe stor”.

Me ynskjer at barna kan oppleve gode og nære relasjonar. Kontinuitet og at kvardagen er føreseieleg, legg me og vekt på. Me veit at det er med på å skape tygge rammer for barna.

Me kan samanfatte “varemerke” vårt slik:

Eit trygt og oversiktleg miljø.

Ein stad der læring og omsorg går hand i hand.

Nære relasjonar, gir ro og stabilitet.

Glede og humor.

PEDAGOGISK GRUNNSYN

Vårt pedagogiske grunnsyn er basert på respekt for den enkeltindividet, og at trygghet er den viktigaste føresetnaden for at læring kan skje. Det vil seie at all handling og all aktivitet, må bygge på desse to hovudprinsippa.

Me vil at barnehagen skal være ein stad der barna kjenner seg trygge, og at dei gjennom fellesskapet i barnehagen får oppleve glede og vekst. Barna skal få være med å bestemme over eigen kvardag, og ei målsetting må være at dei skal få eit sterkt eigarforhold til barnehagen.

BARNEHAGENS VISJON.

Me har formulert visjonen vår slik:

Varme og omsorg,

Læring og vekst,


Hand i hand.

Denne visjonen vil være eit utgangspunkt for all planlegging av verksemda vår. Me vonar, på ein best mogeleg måte, å kunne sikre kvaliteten på tilbodet barnehagen gjev. Både stabilitet og fleksibilitet er grunnleggjande føresetnadar for det daglege arbeidet vårt.

Med varme og omsorg vonar me å gjere barna trygge og klare for læring og utvikling. Berre det barnet som er trygt, leikar. Som kjent er leiken barnas viktigaste lærearena. “Learning by doing”.

SOL-MODELLEN vår illustrerer dei kjerneverdiane me arbeider etter; STRUKTUR – OMSORG – LÆRING.

SOLMODELLEN – SKATTEBØL BARNEHAGE



SOLA GIR **KRAFT OG ENERGI**, ME OVERSET DET TIL **LÆRING OG UTVIKLING**.

STRUKTUR

OMSORG

LEIK/LÆRING

tryggleik

mat

ærlegheit

rutiner

Stell

respekt

k**u**ltur

k**o**s

individuelt

kreativitet

ros

nærleik

sys**t**em

grenser

gøy ☺

t**u**rtaking

regler

SOLMODELLEN

Barnehagens personale har saman utarbeida denne modellen som eit fundament for det daglege arbeidet me utførar i barnehagen. Med denne modellen vil me synleggjere nokre av dei verdiane som ligg til grunn for arbeidet vårt i Skattebøl barnehage. Sola i seg sjølv utgjer kraft og energi, og det er nettopp kraft og energi, les læring og utvikling, som me vil at barna skal få gjennom barnehageopphaldet.

Ser me på dei tre bokstavane i «SOL», S-O-L, så passer dei veldig bra som forbokstavane i tre grunnprinsipp som ligg i botn for det daglege arbeidet i barnehagen vår: STRUKTUR – OMSORG – LÆRING.

STRUKTUR: Me meiner det er avgjerande for å skape eit godt og trygt barnehagemiljø, at det ligg ein viss struktur i botn. Det kan vere tydelege rutinar og ordningar som organiserast slik at borna kjenner til kva som skal skje i barnehagedagen. Det gjev tryggleik.

OMSORG: Små barn er heilt avhengig av god omsorg for å kunne fungere optimalt i kvardagen. Først når dei basale behova er dekkja (mat, søvn, tillit, temperatur osb.), så er dei klare for å ta i mot læring og å delta i det sosiale samspelet med andre.

LÆRING: I følgje Barnehagelova, så skal barnehagen vere ein pedagogisk institusjon, sitat : « Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen, ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. (.....)»



3.0 FORMÅL OG INNHOLD

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. (...) Barnehagen skal vere ein kulturarena der barna er medskaparar av sin eigen kultur i ein atmosfære prega av humor og glede. (Rammeplan 2017, s. 19).

Omsorg	Leik
Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vera trygge og trivast og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barna skal oppleve at dei blir sette, forstått og respektert, og at dei får den hjelpa og støtta som dei har behov for. Det skal leggjast til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barn-barn og barn-vaksen.	Leiken ute og inne skal ha ein sentral plass i barnehagen og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin kultur. Leiken skal vera ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling.
Danning	Læring
Barnehagen skal fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og blir følgt opp. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet.	Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine. Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i eiga og andre seie læring i eit stimulerande miljø.
Vennskap og fellesskap	Kommunikasjon og språk
Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine egne behov og ta omsyn til andre sine behov.	Barnehagen skal vera medviten på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen.

3.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Ål kommune er ei nynorsk kommune

- Barna i barnehagen skal bli kjent med nynorsk i munnleg og skriftleg form
- Barna får erfaring og kjennskap til hallingdialekten, andre dialektar og det språklege mangfaldet i den einskilte barnehagen

- Dei føresette får informasjon om at barna vil møte nynorsk som hovudmål i skula. Og at alle elevar i norsk skule skal lære seg to skriftspråk (nynorsk og bokmål)
- Barnehagen fylgjer retningslinene i “Målbruksplan for Ål kommune”.

3.2 Skattebøl barnehage

DAGSRYTME OG LÆRINGSMILJØ

Ein fast dagsrytme tyder ikkje at alle dagar i barnehagen er like. Dagsrytmen er meir som ei rettesnor, men dagane og innhaldet i dei vert påverka av årstid/vêret, opplegg ein har planlagd og dei spontane handlingane.

Alle klokkesletta er “cirka-tider”, og tilpassar derfor dagane etter barnas behov. Gjennom aktivitetane som me fyller dagane med, ønskjer me å leggje til rette for god læring og utvikling hjå alle barna

Ordinær dagsrytme:

kl.07.30:	Opning
kl.7.45-8.30	Frukost
kl.8.30-10.30	Inneleik
kl.10.30-11.00	Samlingsstund
kl.11.00-12.00	Måltid
kl.12.00	Påkledning/soving
kl.12.30-14.00	Uteleik
kl. 14.00	Eftasmat
kl.15.00-16.30:	Uteleik/Inneleik

Dagsrytmen til dei yngste barna vil vere meir prega av “her-og-no-situasjonar” og individuell tilpassing, då dei fleste små også har sovetid i løpet av dagen.



4.0 ARBEIDSMÅTAR OG PROGRESJON

Arbeidsmåtene skal vareta barna sitt behov for omsorg og leik, fremje læring og danning og gi barn høve til å medverke. Personalet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar, og arbeidsmåtene skal tilpassast til enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet.
(Rammeplan 2017, s. 43).

Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. (Rammeplan 2017, s. 44).

4.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Oppvekstsektoren i Ål arbeider etter føringane i rammeplanen på dette området. Arbeidsmåtar viser til korleis personalet legg til rette for læring og utvikling. Dei skal vere varierte, tilpassa barna og i tråd med **Rammeplanen for barnehagen**. Det kan bland anna kome til syne gjennom leik, prosjektarbeid, turar og opplevingar, samtalar og observasjon.

Progresjon handlar om at barna får moglegheit til å utvikle seg vidare frå der dei er – både individuelt og som gruppe. Dette skjer bland anna gjennom å sjå kvart barn og gjere tilpassingar ut ifrå alder, gjentaking og vidareutvikling, individuell tilpassing og systematisk planlegging.

4.2 Skattebøl barnehage

Skattebøl barnehage har eit skarpt fokus på arbeidsmåtene som me nyttar i det direkte arbeidet med barna. Me har nytta omgrepet «Den ideelle vaksne i Skattebøl barnehage», og saman har me utforma nokre kriteria for dette omgrepet:

Den ideelle vaksne (dvs. personalet) i Skattebøl barnehage, opptrer på ein nærverande, engasjert og lyttande måte ovanfor barna. Andre gode eigenskapar hjå den ideelle vaksne, er evna til å syne glede og humor, vere leikande og kreativ, opptre omsorgsfullt og støttande. Den vaksne må vere både tolmodig og fleksibel, og ha god evne til å takle endringar.

Som gode rollemodellar for barna må den ideelle vaksne ha ei profesjonell haldning til arbeidet sitt; ho/han må kunne arbeide med fleire barn i gruppe, og ho/han må ha evna til å undre seg saman med små barn, og skape eit godt læringsmiljø. Det er også avgjerande at den vaksne har gode evner til å kommunisere, og at ho/han er seg bevisst sin eigen måte å bruke språket på. Det gjeld både det verbale og det non-verbale språket.

Sist, men ikkje minst, har den ideelle vaksne ei særskild god evne til å sjå kvart enkelt barn sine behov, og kunne legge til rette for at alle barn kan kjenne seg trygge i barnehagen. Dette idealet ligg nær opp til det me kallar «DEN AUTORITATIVE VAKSNE».

ARBEIDSMÅTAR I KVARDAGEN:

Dei vaksne bør kunne undre seg saman med barna. Stille spørsmål, oppdage, sjå ting og fabulere rundt dette saman med barna. Dei vaksne bør ta del i barnas leik, gå inn i leiken på barnas premissar, vise interesse for leiken til barna og iblant setje leiken i gang. Den vaksne må og vise engasjement i samværet med barna. Gjennom kroppsspråk, ansiktsuttrykk og tale skal den vaksne gje barnet merksemd og respons.

Det er viktig at ein i alle opplegg og aktivitetar for barna sikrar ein god progresjon i barnas læring og utvikling. Å ha fokus på progresjon bør regelmessig vere på agendaen når ein drøftar læringsmiljøet.

5.0 BARNS MEDVERKNAD

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen. Barna skal få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av verksemda. Barnehagen skal vere medviten på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alder, erfaringar, føresetnader og behov til barna. Ein skal vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modning. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta.
(Rammeplan 2017, s. 27).

5.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Oppvekstsektoren i Ål arbeider etter føringane i rammeplanen på dette området.

5.2 Skattebøl barnehage

Barnehagens mål for barns medverknad

I Skattebøl barnehage ønskjer vi å gje barna høve til å uttrykkje sine meiningar og opplevingar. Gjennom dette får dei ei kjensle av å vere meningsfulle og av å meistre kvardagen sin. Når barna blir sett, høyrte og kjenner seg verdifulle, håpar vi å styrke sjølvkjensla deira og fremje ei positiv utvikling.

Døme på barns medverknad på Branesberget og Brenno

- **Barnesamtalar:** Vi samtalar med barna i samlingsstund, under måltid og i spontane situasjonar gjennom dagen.
- **Barnemøte:** Barna får kome med forslag og ønskje knytt til tema vi arbeider med. Møta kan vere i heil gruppe eller i mindre grupper.

- **Tilgjengeleg leikemateriell:** Leiker og utstyr er lett tilgjengelege, slik at barna kan finne det dei treng til leik og aktivitetar.
 - **Medverknad ved innkjøp:** Barna blir involverte i val av nye leiker og i vurdering av dei vi allereie har.
 - **Boksamling:** Barna får ansvar og eigarskap til barnebøkene. Dei blir informerte om nye bøker og får vere med på val av nye.
 - **Turval:** Ved turar får barna velje mellom ulike alternativ. Vi legg vekt på demokratiske avgjerdsprosessar, slik at alle stemmer blir høyrte.
 - **Matdagar:** Barna får kome med innspel til kva mat vi skal ha.
 - **Tilgjengeleg materiell:** Teiknesaker, spel og formingsutstyr er lett tilgjengeleg, slik at barna kan velje aktivitetar sjølve.
-

Døme på barns medverknad på Nasakamben

- **Lytting og observasjon:** Personalet lyttar til barna, tolkar kroppsspråk og spør når noko er uklart. Vi observerer samspel og dynamikk i barnegruppa.
- **Valmoglegheiter:** Barna får konkrete og realistiske val i situasjonar der det passar.
- **Praktiske gjeremål:** Barna deltek i daglege rutinar, som å hente bleie, rydde matboks, finne sko og hjelpe til ved måltid.
- **Samlingsstund:** Barna kjem med forslag til aktivitetar og songar.
- **Dagens hjelper:** Barna får ansvar for oppgåver som å dele ut drikkeflasker og dekke bord.



6.0 UTVIKLINGSOMRÅDE

Barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar. (Rammeplan 2017, s. 15).

6.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Overordna tema i både barnehage og skule i Hallingdal er «Livsmeistring i eit inkluderande læringsmiljø». Barnehagane har frå 2023 hatt fokus på kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis, som skal bidra til at alle barn får oppleve eit godt tilpassa og inkluderande tilbod, få moglegheit til utvikling, meistring, læring og trivsel – uavhengig av føresetnadene sine. Det pedagogiske tilbodet skal bidra med at alle får eit best mogleg utgangspunkt for utvikling og læring gjennom kvardagen i barnehagen.

Utviklingsarbeidet skjer i samarbeidet med PPT Ål, og me driv på med opplæring av analyseverktøyet *Pedagogisk analyse*.

Pedagogisk analyse er ein metode som blir brukt i barnehage og skule for å forstå og vurdere situasjonar som påverkar barn si læring, utvikling og trivsel. Målet er å finne gode løysingar og tiltak som støttar barnet på ein heilskapleg måte.

Pedagogisk analyse skal bidra til:

- Forstå barnet betre
- Betre tverrfagleg samarbeid
- Ta gode faglege avgjerder
- Dokumentere arbeidet på ein profesjonell måte

6.2 Skattebøl barnehage

Utviklingsarbeid i Skattebøl barnehage

I Skattebøl barnehage arbeider vi målretta med å utvikle eit inkluderande og inspirerande læringsmiljø der barna får utfalde seg, undre seg og oppleve meistring. Utviklingsarbeidet vårt tek utgangspunkt i rammeplanen for barnehagen, og vi innlemmar alle fagområda i det pedagogiske arbeidet – frå kommunikasjon og språk til natur, miljø og teknologi til matematikk og etikk, religion og filosofi.

Fokusområdet vårt dette barnehageåret er kunst, kultur og kreativitet. Vi ønskjer å styrke barna si evne til å uttrykkje seg gjennom ulike kreative uttrycksformer, og skapar rom for både tradisjon og nyskaping.

Gjennom året vil vi arbeide med:

- **Ulike musikksjangrar**, der barna får lytte, utforske og skape musikk.
- **Maleteknikkar**, som gir barna erfaring med fargar, form og ulike uttrykk.
- **Dramatiseringar og eventyr**, som stimulerer fantasi, språk og samspel.
- Ein eigen **hallingmånad**, der vi løftar fram lokal kultur og tradisjonar.
- Utforsking av **andre kulturar**, for å fremje forståing og mangfald.
- **Folkemusikk, rosemaling og bunad**, som del av arbeidet med norsk kulturarv.
- **Tradisjonsleiker**, som gir barna innsikt i leikekultur frå tidlegare tider.

Personalet legg til rette for eit miljø der kreativitet og kultur vert ein naturleg del av kvardagen. Vi nyttar lokale ressursar, samarbeider med kulturlivet i nærmiljøet og opnar opp for barnas egne initiativ og interesser. Dette arbeidet fremjar både identitet, fellesskap og estetisk sans.

Gjennom heile utviklingsarbeidet er **barna si medverknad** sentral. Vi lyttar til barna, gir dei rom for å påverke og skapar aktivitetar som bygg på deira undring og nysgjerrigheit. Refleksjon og dokumentasjon er viktige verktøy for å sikre kvalitet og utvikling, og vi har jamleg fagleg dialog i personalgruppa.

Foreldresamarbeid er ein viktig del av utviklingsarbeidet. Vi ønskjer open kommunikasjon og involvering, og ser på føresette som verdifulle samarbeidspartnarar i arbeidet med å skape ein god barnehage for alle.

Skattebøl barnehage skal vere ein stad der kunst, kultur og kreativitet får blomstre – i samspel med leik, læring og omsorg.



7.0 SAMARBEID

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål.

Foreldre og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. (Rammeplan 2017, s. 29).

Styraren skal sikre at barnehagen har innarbeidd gode rutinar for å samarbeide med relevante institusjonar, slik som skulen, helsestasjonen, den pedagogisk-psykologiske tenesta og barnevernet. (Rammeplan 2017, s. 16).

7.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Samarbeid mellom heimen og andre hjelpeinstansar er viktige i arbeidet for barnets beste. For å sikre samarbeid har Ål kommune desse føringane:

I «**Trygg oppvekst Ål**» nyttar ein på individnivå ein samhandlingsmodell kalla betre tverrfagleg innsats (BTI-modellen). Den sikrar heilskapleg og koordinert innsats mellom hjelpetenestene. Det er ein samhandlingsmodell for tilsette i sektoren og skisserer handlingskjeda når undring oppstår. Modellen sikrar at føresette blir tidleg involvert og at det alltid er ein som har ansvar for framdrift i saka.

Barnehagane har eit tett samarbeid med **Familiens hus** som har organisert småbarnsteam. Småbarnsteam består av helsesjukepleiar, pedagogisk psykologisk rådgjevarar, jordmor og ein person frå psykisk helsevern.

Dei kan vera med inn i barnehagar og hjelpe barnehagane i arbeidet som forgår på system- og individnivå. Dei har også faste tilsette som er med inn i primærkontakt møter i barnehagane.

Alle avdelingar inviterer også til foreldremøte som er felles eller avdelingsvis, alle får tilbod om foreldresamtale og det blir invitert inn til ulike samkomer der foreldre får anledning til å bli kjent på tvers av avdelingar.



7.2 Skattebøl barnehage

Skattebøl barnehage vil prioritere følgjande mål for samarbeidet med foreldre/føresette:

1. SKAPE GJENSIDIG TILLIT OG OPENHEIT MELLOM FORELDRE/FØRESETTE OG PERSONALET
2. FINNE SAMARBEIDSFORMER SOM ALLE KAN KJENNE SEG TENT MED

Dette vil me prøve å oppnå ved:

- Å leggje vekt på den daglege kontakten. Samtalar med foreldra ved bringing/henting. Oppslag over daglege gjeremål og anna av interesse for foreldra (Infoskjermen). Digital kommunikasjon.
- Informasjon/brev heim om ulike arrangement, aktivitetar, møte o.l.
- Invitere til foreldremøte og foreldresamtaler.
- Oppmode foreldra til å ta kontakt med barnehagen etter behov.
- Invitere foreldra inn til ulike smankomstar som t.d. foreldrekaffi, julegløgg, grillfest...
- Vere open for initiativ frå foreldra.
- Ta omsyn til spesielle ønske frå foreldra, ønske dei har for sitt barn under opphaldet i barnehagen. Det kan vere ønske av meir praktisk art, og elles ønske som gjeld barnet sin åtfærd.



8.0 OVERGANG

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen, overgang mellom avdelingar, overgang til skule og skulefritidsordning (SFO). (Rammeplan 2017, s. 33).

8.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Det er utarbeidd “Overgangsplan for oppvekstsektoren i Ål kommune”. Denne planen inneheld mellom anna rutine ved overgang frå barnehage til barnehage og frå barnehage til barneskule. Sjå eigen plan på heimesida til Ål kommune.

8.2 Skattebøl barnehage

Ved overgang til skulen følgjer me Ål kommune sin «“Overgangsplan for oppvekstsektoren i Ål kommune”. Ved overgang mellom avdelingane i barnehage, frå «Nasakamben» til «Branesberget», har me formulert følgjande:

Kvar haust er det nokre barn som skifter base, frå Nasakamben til Branesberget. Det er som regel stor stas, men det er og ei forandring som barna kan trenge litt tid å venne seg til. Dei skal etablere seg i ei ny gruppe; ei ny setting, og dei skal finne sin plass i det nye fellesskapet. Av den grunn er temaet for august og september (på Branesberget) alltid, «Å bli kjende med kvarandre i ny gruppe» + «Vennskap/fellesskap/omtanke». Dei fleste barna treng gjerne eit par månader på denne overgangen; personalet følgjer ekstra godt med på om dei «nye» barna har finne seg til rette, og brukar ein gjennomtenkt metodikk på å hjelpe barna til å finne sin plass.

Når det gjeld overgangen frå heim til barnehage, altså det å vere ny i barnehagen, så er dette vår ståstad:

I samarbeid med foreldra vil barnehagen leggje til rette for at barnet skal få ein trygg og god start i barnehagen. Dei ulike familiane og dei ulike barna vil ikkje nødvendigvis ha dei same behova og dei same oppfatningane om kva ei god tilvenning til det å gå i barnehagen vil innebere. Derfor er det viktig at barnehagen kan møte alle familiane sine forventningar, og tilpasse starten til ønska til kvar familie/kvart barn. Nokre barn vil ha behov for at foreldra er med i barnehagen mange dagar i starten, mens for andre barn vil det vere nok at foreldra følgjer dei berre to-tre dagar. Me vil ikkje setje «ein standard» for kva som er best for det einskilde barnet; me vil heller tilpasse dette individuelt til kvart barn. Målet er sjølvsagt at kvart barn skal få den tida dei treng på å venne seg til det å gå i barnehagen.

Forsking – og ikkje minst vår eiga erfaring – fortel oss at barna gjerne knyter seg tettare til ein vaksen når alt er nytt og ukjent. Det tek me sjølvsagt omsyn til, men me set det aldri opp på førehand; kven som skal vere tettast på det og det barnet. Me let heller «kjemien» få bestemme, og ser til at alle barna får ein vaksen som er naturleg «tett på» dei den første tida.

Målet vårt er at barna skal bli trygge på alle dei vaksne på huset, på så kort tid som mogleg, men likevel gradvis. Først ein, to – deretter alle på same basen – og vidare alle på huset. Det vil alltid vere nokre barn (og foreldre) som treng lengre tid, og meir oppfølging, og det skal dei få.

9.0 PSYKOSOSIALT BARNEHAGEMILJØ

Barnehagen skal ikkje godta krenkingar som for eksempel utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når eit barn i barnehagen blir utsett for slike krenkingar.

Barnehagen skal førebygge tilfelle kor barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen, leiken og læringa til barna. (Lov om barnehage kapittel 8).

9.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Det er utarbeidd ein plan regionalt i Hallingdal for “Godt psykososialt barnehagemiljø”. Denne planen inneheld mellom anna rutine for kva barnehagane skal gjera om dei ser at eit barn opplev krenkingar, samarbeid mellom heim og barnehage og kva for pliktar personalet i barnehagen har.

9.2 Skattebøl barnehage

Tryggleik og trivsel i Skattebøl barnehage

I Skattebøl barnehage er vi opptatt av at barna skal ha det godt – både fysisk og psykisk. Eit trygt og inkluderande miljø er avgjerande for at barna skal trivast, utvikle seg og lære. Difor jobbar vi aktivt med å skape eit positivt psykososialt barnehagemiljø kvar dag.

Vi sikrar:

- **Trygge vaksne:** Barna blir møtt av varme og tilgjengelege vaksne som ser kvart enkelt barn og bygger gode relasjonar. Vi er opptatt av å vere til stades i leik og samspel, og å støtte barna i deira sosiale utvikling.
- **Felleskap og inkludering:** Alle barn skal kjenne at dei høyrer til. Vi legg til rette for leik og aktivitetar der barna lærer å samarbeide, vise omsorg og respektere kvarandre.
- **Førebygging av mobbing og utestenging:** Vi har klare rutinar for å oppdage og handtere uheldige situasjonar. Personalet er tett på barna og jobbar systematisk med å styrke sosial kompetanse og god kommunikasjon.
- **Barns stemme:** Barna får vere med og påverke sin kvardag. Vi lyttar til deira idear og tankar, og gir dei rom til å uttrykke seg – både i leik og samtale.
- **God dialog med heimen:** Vi ønskjer eit nært og tillitsfullt samarbeid med dykk som foreldre. De kjenner barna best, og vi verdset innspel og tilbakemeldingar. Samarbeid mellom heim og barnehage er viktig for å sikre at barna har det trygt og godt.

Vi vil at Skattebøl barnehage skal vere ein stad der barna gleder seg til å komme, kjenner seg trygge og får utvikle seg i sitt eige tempo – saman med andre.



10.0 VURDERING

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen. (Rammeplan 2017, s 38).

10.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Formålet med vurdering er å vurdere om ein driv verksemd i tråd med fastsette mål. Vurdering er også til hjelp for å vere ein organisasjon i positiv utvikling, ein lærande organisasjon.

Oppvekstkontoret i Ål kommune nyttar desse formane for vurdering:



- Strategikonferanse
- Medarbeidarundersøking og foreldreundersøking
- Tilsyn



10.2 Skattebøl barnehage

Å sjå bakover, er viktig for å kunne gå framover. Det høyrast litt merkeleg ut, men enkelte gongar – fleire gongar i året – må me stoppe opp, og spørje oss sjølve «kva har me fått til? kva kan me gjere betre?» Då er det tid for evaluering. Me har evaluering på agendaen etter kvart halvår, men også rett etter at eit større opplegg er gjennomført.

I dette arbeidet nyttar me fleire verktøy, som til dømes «Delta-modellen» og «G-L-L-metoden» (Gjort –Lært –Lurt).



11.0 TRAFIKKTRYGGLEIK

Gjennom arbeid med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna utforskar ulike landskap, blir kjende med institusjonar og stader i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdast trygt. (Rammeplan 2017, s 56).



11.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Ål kommune vart den 29. November 2024 re-godkjent som ei trafikksikker kommune. For barnehagar er det eit krav om at trafikktryggleik er synleggjord i årsplan og eigne rutinar.

11.2 Skattebøl barnehage

Økt forståing gjennom konkrete handlingar

Evna til å tenke og vurdere har stor medverknad på korleis barn opptrer i trafikken. Barn tenker veldig konkret; tenkinga deira er oftast bunde til det som skjer her og no. Det kan vere vanskeleg for dei å ta andre sitt perspektiv, som til dømes å forstå at bilførarane ikkje kan dei sjå dei i mørket når dei sjølv ser bilen. Det kan og vere vanskeleg for eit lite barn å forstå kor raskt ein bil kjem, når bilen køyrar i 80 km i timen og ser ut til å vere «langt unna». For å forstå og lære, må barna få oppleve konkrete handlingar – sjølvstilt innan trygge rammer. Barna lærer mest når dei får vere ute i trafikken saman med ein vaksen, i samtale og refleksjon.

Tarkus – barnas trafikkvenn

Trygg Trafikk har utarbeidd eit opplegg for trafikkopplæring tilpassa barn under 6 år. Det er bygd opp rundt handdokka «Tarkus – barnas trafikkvenn». Det inneheldt m.a. bøker og forteljingar om Tarkus, songbøker m/trafikksongar, aktivitetshäfte, plakatar m.m.

Skattebøl barnehage har kjøpt inn dette undervisningsopplegget, og kjem fortrinnsvis til å nytte det i trafikkopplæringa, saman med praktisk øving.

Frå hausten 2015, har trafikkopplæring stått som eit fast innslag i barnehagens handlingsplan for barnehageåret. Det skal setjast av minimum ei veke kvar haust og ei veke i vårhalvåret med trafikkopplæring som tema. Det gjeld i første rekkje Branesberget. Når det gjeld Nasa-kamben, så må det vurderast kvart år i høve alderen på barna i gruppa der.

Barnehagen har utarbeidd eiga rutine for trafikktryggleik. Denne kan ein finne i «Barnas HMS», og i handboka «Uteliv i Skattebøl barnehage» .

12.0 BEREKRAFT

Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna får kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lærer av naturen og utvikler respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen. (Rammeplan 2017, s. 52)



12.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Ål kommune vart i juni 2025 sertifiserte som miljøfyrtårn. Ved å vera miljøfyrtårn bidreg barnehagane aktivt til ei berekraftig framtid.

12.2 Skattebøl barnehage

Berekraft i Skattebøl barnehage

I Skattebøl barnehage arbeider vi aktivt med berekraftig utvikling som ein naturleg del av kvardagen. Gjennom leik, undring og medverknad får barna innsikt i korleis vi kan ta vare på både naturen, kvarandre og ressursane våre.

Miljømessig berekraft handlar om å bruke naturen rundt oss som læringsarena. Barna får oppleve årstidene, utforske naturmateriale og lære om kretsløp og samspel i naturen.

Sosial berekraft er sentralt i vårt pedagogiske arbeid. Vi fremjar inkludering, fellesskap og respekt for ulikskap. Barna får medverke i eigen kvardag og utvikle forståing for demokrati og ansvar. Vi samarbeider tett med føresette og lokalsamfunnet for å styrke relasjonar og fellesskap.

Økonomisk berekraft handlar om å bruke ressursane våre klokt. Vi investerer i kvalitet som varer, og planlegg for framtida med tanke på både drift og utvikling. Gjennom god ressursstyring sikrar vi at barnehagen er ein trygg og stabil arena for barna.

Berekraft er ikkje eit prosjekt, men ein verdi vi byggjer på – kvar dag, heile året



